

**Hordaland fylkeskommune**

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 29.09.2017

Vår ref: 2017/2801 - 20483/2017 / 44/336

Dykkar ref:

## **44/336 - Bruksendring til barneskule, Stord Kristne Skule AS, Ringvegen 24**

Det visast til e-post mottatt den 28.09.2017 frå Lyder Konrad Leithaug frå eigedomsavdelinga til Hordaland Fylkeskommune. I e-posten blir det søkt fritak frå krav i TEK som oppstår ved bruksendringa. Det søkjast også fritak frå prosjektering av brannkonsept og uavhengig kontroll for brannkonsept og ventilasjon.

Plan og bygningslova § 31-2, fjerde ledd opnar opp for at det kan godkjennast bruksendring av eksisterande byggverk også når det ikkje er mulig å tilpasse byggverket til tekniske krav dersom 3 vilkår er oppfylt:

- Kostandene med å få byggverket til å oppfylle tekniske krav må være uforholdsmessige.
- Bruksendringa må være forsvarleg.
- Bruksendringa er nødvendig for sikre hensiktsmessig bruk.

For å få fritak for tekniske krav må det spesifiserast kva tekniske krav ein ikkje kan oppfylle, samt grunngjeve at vilkåra er oppfylt (spesielt forsvarleghets kravet).

Bygningsmynde vurderer at det er gjennom prosjektering av tiltaket ein identifiserer/vurderer at ein oppfyller krava i teknisk forskrift. Av den grunn kan det ikkje bli gjeve fritak frå prosjektering av brannkonsept. Det er også viktig at vurderinga av om ein oppfyller krav blir ansvarsbelagt.

Bygningsmynde ber søkjar om å spesifisere kva krav i teknisk forskrift som ikkje blir oppfylt, sam grunngjeve at vilkåra for å få fritak er oppfylt. I forhold til brannkonsept er det naudsynt at prosjektering av ventilasjon og brannkonsept er ansvarsbelagt.

Når det gjelder uavhengig kontroll for ventilasjon og brannkonsept har bygningsmynde vurdert at det kan bli gjeve fritak etter reglane i SAK10 § 14-5 under føresetnad av at prosjektering av ventilasjon- og klimainstallasjonar, samt brannkonsept er ansvarsbelagt. Grunngjevinga for denne vurderinga er at Hordaland Fylkeskommune som er eigar av bygningen har sentral godkjenning som overordna prosjekterande, noko gjer bygningsmynde trygg på at tiltaket vil være i samsvar med tekniske krav og slik det går fram av prosjekteringa.

Med helsing

Kristian Skar Skulstad

sakshandsamar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*